Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Ard og plog

Oppskr. av: Asb. Langemyr

(adresse): Herefoss.

Fylke:

Herad:

Bygdelag:

Gard:

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Ola A. Gauslå, Herefoss - bonde 69 år.

SVAR

Det er berre plog som er bruka her i Herefoss.
Dei plogar som no blir bruka er fabrikksmidde. Dei eldre plogane blir laga i bygda og kosta ikkje over eit par dalar.
Den første moderne plogen kosta 25 kr. Plog fig. 8 hadde ikkje Ola A. Gauslå sett her i bygda.
På dei plogane som var i bruk var veltefjøla flat og hugd av tre.
Plogen blei velta til den sida veltefjøla er når dei køyrde attende. Det var slått kloss på åsen til å lyfte plogen frå jorda når ein skulle attende. Her i Herefoss er berre bruka høgreplogar.
Til å regulere djupda var det still bar slepsko. Ristill var det på alle plogar. For å køyre plogen til arbeidsplassen blei delvis bruka „mokesleden". Plog blei uttala plau.

2743

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING